

# Kan du lage eit skummelt hus der det spøker?

Følg instruksjonane under:

- 1** Teikn ein gul måne på himmelen.
- 2** Teikn eit stort hus med fire vindauga. Eitt av vindauga har rund form.
- 3** Teikn eit gjerde rundt huset.
- 4** Teikn eit tre ved sida av huset. I treet heng ei flaggermus.
- 5** Teikn eit graskar framfor gjerdet. Det har oransje farge.
- 6** Teikn eit spindelvevnett i det runde vindauget.
- 7** Teikn eit spøkelse i eit av dei andre vindauga.
- 8** Teikn ei pipe på taket av huset. På toppen av pipa sit ein svart katt.
- 9** Teikn eit skummelt skilt ved sida av graskaret. På skiltet skal det stå «velkomen».
- 10** Teikn ei heks som flyg på ein sopelime på himmelen.